



Aurland kommune

post@aurland.kommune.no

Leikanger 09.07.2021

Dette brevet sendes på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane.

Områderegulering Flåm sentrum «Føringar for utvikling av Flåm som eit berekraftig bu-, arbeids- og besøksstad»

Vi meiner planen i det meste er bra og ivareteke biologisk mangfald og friluftsliv.

I høve nokre av arealendingane:

Nr. 3: Vi meiner at man må sikre tilstrekkeleg areal for at området skal vere attraktivt som rekreasjonsområde framover. Man må sikre at strandlinja mot elva skal vere offentleg tilgjengeleg. Man burde blant anna opparbeide handikappfiskeplassar. Det gir ikkje berre høve for fiske for alle, men de kan også brukast når man vil sitte ned nær elven.

Nr. 8: Man må sikre tilgang til elva for allmenta.

Det er sett opp føringar for belysning. Vi meiner man også må ta opp lysureining som tema sidan dette er eit aukande problem. Som med nedbygging av natur er det til stor del små saker som isolert sett ikkje har stor effekt som saman gir en stor innverknad. Vi meiner derfor man må ha føringar om at belysning berre skal gi belysning der den er ment å vere, ikkje spreiaast unødig.

Vi meiner at følgende saker er svært positive og meiner det er spesielt viktig at det ikkje blir fjernet:

- Ikkje nye inngrep i elveosen. Elvedelta er med på Artsdatabankens liste over trua naturtypar. Nedbygging, for eksempel til hamner, er en viktig grunn til trusselen.
- Forbod mot å grave i elven under vår og haust.
- Etablering av tursti mellom Neset og Viki.



Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

